



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

06.05.2024

Vår ref:

2023/6141

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

Stein Byrkjeland, 5557 2114

Oppstart av vern av nasjonalt viktig natur i sørvestre Bømlo

Vi melder oppstart av vern av Roaldsfjorden, Vikaneset, Gissøyane, Nordøyane og Holsøyane jf naturmangfaldlova § 42 og kapitel V. Sjå avgrensing av området i kartvedlegg til dette brevet eller ved å følge denne lenka. Frist for uttale er 15. juni 2024.

Nasjonalt oppdrag

Verneframlegget er ein del av det nasjonale oppdraget «[Bevaring av verdifull natur](#)» som omfattar oppretting av tre nye nasjonalparkar og 22 mindre område i Vestland.

Eitt av desse mindre områda er sørvestre delar av Bømlo. Det samla arealet er på om lag 26 800 dekar, derav om lag 8 750 dekar landareal og 18 050 dekar sjøareal. I dag utgjer verna areal etter naturmangfaldlova i Bømlo 5,5 prosent. Med dette kandidatområdet vert det totale verna arealet i Bømlo 9 prosent om vi ser på landarealet og 16,4 prosent inkludert sjø. Det er frå før seks sjøfuglreservat med eit samla areal på drygt 500 dekar innafor delområdet Nordøyane og Holsøyane. I dette framlegget vert desse føreslått innlemma i det nye verneområdet.

Føremålet med vern av området vil vere å ta vare på trua, sjeldan og sårbar natur ved etablering av naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37 a.

Trua og sårbar natur i sørvestre Bømlo

Dette området er blant dei mest verdifulle kystlandskapa i Vestland. Dette både med tanke på at mykje av området er i aktiv bruk med beiting og lyngbrenning i dag, og fordi det har ein spesiell geologi som gjev eit svært stort og rikt artsmangfald knytt til den kalkrike berggrunnen. Den særprega geologien er også uttrykt ved at tre lokalitetar innafor Unesco Geopark Sunnhordland og seks lokalitetar innafor karttema «geologisk arv» til Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) ligg innafor verneframlegget.

I tillegg til nasjonalt viktige naturkvalitetar, er området svært viktig i kulturminnesamanheng og for friluftslivet i Bømlo. Eit vern av dette området vil gjere det lettare for forvaltinga å støtte opp om tradisjonell landbruksdrift av areala, gjere tiltak for å fjerne framande treslag (sitkagran m.m.) og legge til rette for naturvenleg friluftsliv dersom det er ønskjeleg.



Totalt 117 naturtypelokalitetar fordelt på 13 ulike naturtypar er registrert på land og på øyane innafor området. Det er naturførekomstar som sist er dokumentert gjennom kartlegging i regi av Miljødirektoratet. I tillegg vart det gjennomført ei mindre supplerande kartlegging etter same metode i Nordøyane og Holsøyane i 2023 som ein del av dette vernearbeidet. Store delar av areala utgjer ulike former for trua naturtypar. Det gjeld sterkt trua (EN) naturtypar som: rikmyr, semi-naturleg strandeng, kystlynghei, open grunnlendt kalkrik mark i boreonemoral sone. Det er også naturtypar som er raudlista som trua (VU), det gjeld semi-naturleg eng, sørleg kaldkjelde og strandeng. Oppdrag for kartlegging i Nordøyane og Holsøyane vart gitt Miljøfagleg Utredning AS etter nasjonal rammeavtale for naturfaglege utgreiingar. Ved naturkartlegginga vart det registrert både trua artar og naturtypar. Det vart også registrert vegetasjon på Eggvær i Holsøyane som er svært påverka av fuglegjødsling, og med bakgrunn i det kunne ha bli klassifisert som naturtypen fuglefjell-eng (VU). Men fordi naturtypen tidlegare berre er beskriven frå fuglefjell, vart den likevel ikkje utfigurert og inkludert i kartleggingsresultata. Dei trua naturtypane utgjer klart storparten av det totale landarealet for forslag til verneområdet.

Det er frå før seks sjøfuglreservat innafor verneframlegget i Nordøyane og Holsøyane. Sjøarealet inngår i avgrensinga fordi det er ein viktig habitatkvalitet for sjøfugl. Fleire marine naturtypar er registrert deriblant store lokalitetar med stortare som er vekta til nasjonal verdi. Særleg aktuelle sjøfuglar er toppskarv, storskav (NT), teist (NT), svartbak, gråmåke (VU) og tjeld (NT). Øyane har også viktig funksjon som rasteområde under trekktidene og vinterområde for blant anna svartand (VU) og havelle (NT). Området inngår også i det viktigaste myteområdet for ærfuglhannar i Vestland med førekost på inntil 9000 individ årleg. Ærfugl er raudlista som trua på grunn betydeleg bestandsnedgang. Sjøfuglbestandar er dynamiske og vil over tid respondere på endringar i næringstilhøve i sjøen. Såleis er også det å ta vare på desse arealet viktig i eit lengre perspektiv for at dette artsmangfaldet skal kunna ha areal å retablera seg på i framtida.

Dei opne områda i tilknyting til sjøen er gunstige jaktområde for både havørn og hubro. Hubro er nasjonalt raudlista som sterkt trua, medan havørna har kome tilbake frå regional uthydding og er no vel etablert med metta bestand. Havørna er ansvarsart for Norge sidan vi har ein viktig del av den europeiske bestanden.

Nordøyane og Holsøyane har faste kastepllassar for steinkobbe og også fast tilhald av havert som er lista som trua (VU). Oter var inntil revidering av nasjonal raudliste i 2021 klassifisert som trua (VU), men på grunn av bestandsauke er arten no ikkje raudlista lenger. Likevel har retablering av oter langs kysten blitt sterkt redusert som fylgje av bifangst i fiskereiskapar. Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) fann i ein studie at av 218 innrapporterte døde otrar i perioden 2003-2018 var 76 prosent drukna i fiskegarn eller anna fiskeutstyr berre i Hordaland.

Lite verna frå før

Alle dei omtalte trua naturtypane ovanfor har därleg vernedekning i Vestland og Norge generelt. Såleis vil dette vernet treffa godt ved å ta vare på trua natur i lågland langs kysten som er hovudføremålet med dette oppdraget.

Naturkrise også i Vestland

Globalt, så vel som lokalt i Vestland står vi over for ei naturkrise like alvorleg som klimakrisa. Tap av natur til utbygging er den viktigaste enkeltårsaka. Temaet har mellom anna blitt godt illustrert gjennom ulike medieoppslag dei siste månadane. Miljødirektoratet la nyleg også fram ein rapport som viser at tapet av villmarksprega natur er dobla. Frå tap av 117 kvadratkilometer i perioden 2013-2017 til 241 kvadratkilometer i 2018-2022. Områdevern sikrar at viktig natur ikkje blir øydelagt, og er difor eit av våre viktigaste verktøy for å nå nasjonale miljømål og i møte med naturkrisa.



Dette verneoppdraget skal bidra til å dekke manglane i eksisterande verneplanar. Ved å ta godt vare på naturen i desse områda, kan dette bidra til at vi når dei nasjonale måla om bevaring av eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar og om å ta vare på trua artar og naturtypar.

Vern av skog

Skog er ein arealtype som er i særstilling og der alt vern skjer etter ordninga frivillig skogvern. Det gjer at vern av skog i samband med dette oppdraget også skal vere frivillig. Eigar kan takke nei til vern av skogarealet seinare i prosessen om ein ønskjer det, då vil skogarealet ikkje bli tatt med i vidare arbeid. Vi er i dialog med skogeigarforeiningane AT Skog og Norskog, og kjem til å ta direkte kontakt med aktuelle grunneigarar om dette. Det er noko skog inst i Roaldsfjorden og parti med større sitkagraner ved Stormyra.

Planstatus

I gjeldande kommunedelplanen sin arealdel for perioden 2013-2025 (KPA) har storparten av arealet på land føremålet landbruk-, natur-, og friluftsføremål samt reindrift (LNFR).

I sørenden av avgrensing ved Eidesvik inngår areal med føremål akvakultur i gjeldande KPA. Området er ikkje regulert og utbygging vil kunne ha negative følgjer for naturkvalitetane der. Vidare avklaring av bruken av arealet bør takast ved rullering av KPA som no pågår.

I sjø i Nordøyane er det avsett eit mindre område for akvakultur ved Vestre Søløya. Arealet er ikkje tatt i bruk til det føremålet. Vidare er det i nord austre delar av Nordøyane satt eit område på om lag 300 dekar til akvakultur og dette arealet er tatt i bruk til føremålet. I forslag til rullering av KPA er det føreslått justeringar av dette arealet litt sørover. Like nord for dette arealet er det i forslag til ny KPA satt inn område med føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Det er vidare satt av tre område til råstoffutvinning (opptak av skjelsand) innafor verneframlegget; to i Nordøyane og eitt i Holsøyane. Det er fylkeskommunen som gjev konsesjon til opptak av skjelsand. Slik vi forstår det, er lokalitet ved Kjennsholmane i Nordøyane og lokalitet i Holsøyane ikkje lenger drivverdige. For siste lokalitet sentralt i Nordøyane skal det vere søkt om forlenga konsesjon i 2020, men så vidt vi forstår er det endå ikkje fatta vedtak i denne saka, blant anna på grunn av nytt regelverk på fagområdet. Å ta ut skjelsand vil ikkje vere i tråd med framlegg til verneområdet.

I gjeldande KPA er det avsett omsynssone for bevaring naturmiljø på Vikaneset der kulturlandskapet med kystlynghei og rikmyr er framheva. Kring Nordøyane er det avsett omsynssone bevaring naturmiljø med vekt på viltområde, rikt strandberg og marine naturtypar, og elles bandleggingsområde kring dei eksisterande sjøfuglreservata.

Omsynssone bevaring kulturmiljø er gitt Roaldsfjorden for verdifullt kulturlandskap. Heilt sør i verneframlegget ved Eidesvatnet er det også satt av omsynssone for drikkevasskjelde og settefiskanlegget i Eidesvika.

Dialog om kandidatområda

Statsforvaltaren i Vestland arrangerte eit felles informasjonsmøte med alle kommunane som husar kandidatområde for vern den 28. april 2023. Vi sendte brev til alle grunneigarane 13. juni 2023 med informasjon om oppdraget og arrangerte informasjonsmøte 16. august 2023 på Langevåg bygddatun. Sakshandsamar frå Statsforvaltaren var også og informerte om oppdraget til Utval for natur, klima og miljø 1. juni 2023. Vi har etter desse møta ikkje fått spørsmål, innspel eller andre henvendelsar til arbeidet.

Med bakgrunn desse møtepunkta, og dialogen vi har hatt med Bømlo kommune og Miljødirektoratet, vurderer vi det som klart for formell oppstart av vernearbeid for området.



Konsekvensar ved vern

Føremålet med vernet vil vere å ta vare på dei viktige naturkvalitetane. Det vil seie at det ikkje vil vere mogleg med ny utbygging eller aktivitetar på land eller i sjø som kan skade verneverdiane innafor området.

Eit vern vil gje forvaltinga betre moglegheiter til å støtta opp om tradisjonell landbruksdrift som lyngbrenning og beiting i området, noko som også mykje av artsmangfaldet her er avhengige av. Særleg beitemarksoppane er artar som over svært lang tid er tilpassa moderat beitetrykk og næringstilgang, og vil såleis ikkje overleve ved tilførsle av kunstgjødsel eller gylle. Derfor bør det vere eit forbod mot slik bruk i området, noko som heller ikkje blir brukt i området i dag.

Både bestandane av sjøfugl og dei marine pattedyra er svært utsette for bifangst i fiskegarn og ruser. Derfor føreslår vi forbod mot garnfiske og fiske med ruse innafor området Nordøyane og Holsøyane. Redusert sjanse for dødeleggjering av enkeltindivid vil betra kvaliteten på området for fugl og sjøpattedyr. Vidare vurderer vi på generelt grunnlag at fiske med garn/ruser i dei væreharde områda Nordøyane og Holsøyane, gjev større sjanse for tap av reiskap og påfølgjande spøkelsesfiske.

Store delar av verneframlegget i sjø inngår som referanseområde i høve til taretråling etter forskrift om hausting av tare i Rogaland og Vestland. Referanseområdet dekker ikkje sørlege delar av Nordøyane. Såleis er det drygt 5000 dekar som er utanfor referanseområdet som vil bli omfatta av forbod i verneframlegget. Det vil likevel vere att betydelege sjøareal som er tilgjengelege for taretråling i Bømlo og nabokommunar.

Verneregler for dei eksisterande sjøfuglreservata vert vidareført i verneforskrifta for desse seks øyane, men ikkje for resten av øyane. Desse sjøfuglreservata har ferdsleforbod i hekketida 15. april til og med 31. juli med forbod mot ilandstiging og ferdsle på holmar og skjer i ei sone på 50 m frå land. Reglane for jakt, fangst og bruk av skytevåpen med forbod i perioden 1. april til og med 9. september vert føreslått vidareført for heile delområdet Nordøyane og Holsøyane, men ikkje ferdslerestriksjonane.

Bømlo tur- og sogelag har opparbeidd eit fint stinett innafor det føreslegne naturreservatet. Eksisterande stiar og merking av desse vil kunne forsetje som før vernet. Dersom det er ønske om å etablera nye stiar innafor området ønsker vi at det vert avklart gjennom nærmere dialog med forvaltingsstyrestrukta.

Andre aktivitetar vil vi kunne gje løyve til etter nærmere dialog med sokjar, så lenge det ikkje vil kunne gå ut over verneverdiane i området. Det kan til dømes vere tiltak knytt til kulturminne eller andre føremål som ikkje er kjent i dag.

Erstatning

Grunneigarar og rettshavarar har rett til erstatning frå staten for økonomisk tap når eit vern medfører ei vanskeliggjering av igangverande bruk etter naturmangfaldlova § 50. Grunneigar vil ha ein frist på fire månader etter vernevedtaket til å fremje skriftleg krav om erstatning til Miljødirektoratet jf naturmangfaldlova § 51. Då er det Miljødirektoratet som har ansvaret for å sørge for at det vert gjort erstatningsvurdering for grunneigar.

Vidare prosess

Etter fristen vil vi gå gjennom alle innkomne innspel etter oppstartsmeldinga. Då vil vi også vurdere om det er trøng for korrigering eller presisering i verneframlegget med bakgrunn i innspela. Neste etappe i verneprosessen vil vere høyring. Då vil vi presentere eit oppdatert verneforslag som også inkluderer utkast til vernereglar og oppdatert vernekart.

Det er mange stadnamn som fell innafor kandidatområdet, og vi har ikkje klart å finne eit kort namn som



er dekkande. Vi ønskjer derfor gjerne innspel på kva namn det føreslegne naturreservatet skal få. Førebels brukar vi arbeidstittel «Sørvestre Bømlo naturreservat».

Frist for uttale er 15. juni 2024

Du kan også finne meir informasjon om arbeidet på nettstaden vår under «høyringar» ved å følgje denne adressa: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyringar/>

Du kan også lese meir om [oppdraget om supplerande vern her](#) og sjå meir nøyaktige digitale kartskisser og [bilete frå alle dei andre kandidatområda i Vestland](#), og bakgrunnsdokument for dette oppdraget vårt.

Frist for å koma med uttale til denne oppstartsmeldinga er 15. juni 2024. Det vil også vere høve for å kome med uttale etter høyringa seinare i verneprosessen. Du kan sende uttale digitalt til postmottaket vårt på adressa: sfvp@statsforvalteren.no

Dersom det er ytterlegare spørsmål kan ein også ta direkte kontakt med sakshandsamarane øvst i brevet.

Delar av adresselista til dette brevet er henta ut frå eigedomsregisteret. Dersom de finn feil eller manglar ved adresselista sett vi stor pris på å få attendemelding om det.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
sekjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Utkast vernekart.

Kopi til:
Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485 TRONDHEIM

Mottakarliste:

Avinor
BIRDLIFE NORGE - SUNNHORDLAND LOKALLAG
BØMLO JAKT OG FISKELAG
BØMLO KOMMUNE
BØMLO NÆRINGSRÅD
BØMLO OG STORD BONDE OG SMÅBRUKARLAG
BØMLO SAU OG GEIT
BØMLO TUR OG SOGELAG
BØMLO TURLAG
Den Norske Turistforening
Det norske skogselskap
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
EIDESVIK SETTEFISK AS
ESPEVÆR BYGDALAG
ESPEVÆR GRENDAUTVALG
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening
Fiskeridirektoratet
Forsvarsbygg
Fortidsminneforeningen
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane
Friluftslivets Fellesorganisasjon
Friluftsrådenes Landsforbund
GEOPARK SUNNHORDLAND AS
Havforskningsinstituttet
Høgskulen på Vestlandet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
KS - Kommunesektorens organisasjon
Kystverket
Landbruksdirektoratet
LANGEVÅG UTVIKLING
Luftfartstilsynet
Natur og ungdom
Naturhistorisk museum
NHO Reiseliv
Norges Bondelag
Norges Dykkeforbund
Norges Geologiske Undersøkelse
Norges Handikapforbund
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Kystfiskarlag
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet



Norges Miljøvernforbund
Norges Naturvernforbund
Norges Orienteringsforbund
Norges Skogeierforbund
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Norsk Bergindustri
Norsk Biologforening
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Norsk Botanisk Forening
Norsk Industri
Norsk institutt for bioøkonomi
Norsk institutt for naturforskning
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS
Norsk Ornitologisk Forening
Norsk Sau og Geit
Norsk Zoologisk Forening
Norskog
NTNU
ROSLAGEN SHIPPING AS
Sabima
Stadnamntenesta på Vestlandet
Statens Kartverk
Statkraft SF
Statnett SF
SUNHORDLAND BOTANISKE FORENING
Sør-Norges Fiskarlag
Sør-vest politidistrikt
Universitetet i Bergen
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet
Vegdirektoratet
Vestland fylkeskommune
WWF Verdens naturfond
Lene Onarheim Waage
Thore Amundsen
Thomas Amundsen
Hedyeh Malkamy
Signe Bergsaker Hatleskog
Øystein Hatleskog
Inger-Marie Zahl Fjell
Mette Amundsen
Ernst Johan Vespestad
Jorunn Vespestad Alstveit
Bjørg Vespestad Vestvik
Kjetil S Eidsnes
Kristian S Eidsnes
Njaal Sørstrønen
Lars Vespestad



Karsten Eide
Astrid Tjong
Einar Eide
Rutt Mirjam V Bjordal
Guttorm Kallevåg
Kjetil Vea
Vibeke Onarheim Vea
Philip Waage Kolbjørnsen
Britt Elin K Hovland
Cato Waage Kolbjørnsen
Idar Waage Kolbjørnsen
Roald Waage Kolbjørnsen
Herlaug Eide Nesse
Jan Terje Larsen
Jenny Vestheim
Per Arne Vika
Frank Michael Baumann
Berit Margrete Eide
Karl Magne Eide
Svein Eide
Anne Margrethe Eidesvik
Magne Eidesvik
Gerd Oline Holme
Jan Audun Holme
Inger Anne Hovland
Trygve Hovland
Rune Kvamme
Kåre Johan Larsen
Jan Lodden
Erlend Lønning
Gunnar Lønning
Knut Lønning
Marit Lønning
Marit Helene Mæland
Øyvind Olsen
Arvid Harry Samdal
Kåre Reidar Skippervik
Rolf Magne Skippervik
Steinar Solheim
Hilde-Gunn Økland Stokka
Terje Emil Tjong
Berit Johanne Vespestad
Per Vespestad
Sverre Magnus Vestheim
Bjarne Vold
Kåre Jan Vold
Martin Alfredsen Vold



Roald Martin Vold
Sten Helge Vold
Steinar Westrheim
Johannes Størksen
Odd Rune Ersland
Svein Åge Ersland
Harald Alfred Lønning
Irene Sofie Økland
Anne Karin Løkling
Ole Gunnar Tvedt
Ingvald Vika
Rune Vika
Torhild Johanne Landa
Laila Serine Vold Eriksen
Jorunn Skippervik